



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200904131	09.12.2014	4805/2015/S11	Anders Røystrand, tlf. 71 25 82 90	25.03.2015

Rauma og Nesset kommunar - bygging av 12 småkraftverk (Rauma/Nesset-pakken) - fråsegn ved høyring av konsesjonssøknader

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til oversending 9.12.2014 om høyring av søknader etter vassressurslova og energilova for bygging og drift av 12 småkraftverk i Rauma og Nesset kommunar:

Kommune	Kraftverk/vassdrag	Søkjjar	Gj.sn. årsprod.
Rauma	Morgådalselva	NK Småkraft AS	9,2 GWh
Rauma	Stokkelva	Blåfall AS	6,2 GWh
Rauma	Smøråa	Blåfall AS	6,6 GWh
Rauma	Loftdalselva	NK Småkraft AS	14,0 GWh
Rauma	Tverrberget kraftverk (Glutra)	Tafjord Kraftproduksjon AS	13,7 GWh
Rauma	Saufonn (Saufonngrova)	Tafjord Kraftproduksjon AS	15,2 GWh
Rauma	Rabbelva	NK Småkraft AS	9,9/10,0 GWh
Rauma	Høgseterelva	NK Småkraft AS	7,1 GWh
Rauma	Skorgeelva	Småkraft AS	18,0 GWh
Nesset	Kvidalselva	Clemens Elvekraft AS	6,4 GWh
Nesset	Strandelva	Clemens Elvekraft AS	13,3 GWh
Nesset	Skorga	Norges Småkraftverk AS	10,0 GWh

Tafjord Kraftproduksjon AS trekte søknad om bygging av Saufonn kraftverk den 27.1.2015, og vi har ikkje vurdert denne søknaden under. Vi viser også til NVE sitt brev 12.2.2015 om høyring av endra søknad for Tverrberget kraftverk.

Fylkeskommunen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader til dei 11 søknadene som skal behandlast:

GENERELT

Konsekvensutgreiingane er generelt systematisk oppsett og gir oversyn over nødvendige tema på ein grei måte. I den grad vi ser manglar innanfor våre ansvarsområde, er dette presisert under avsnittet om kvart prosjekt nedanfor.

Kraftproduksjon og verdiskaping

Møre og Romsdal fylkeskommune har mål om auka verdiskaping frå fornybar energi, noko som kjem fram i *Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013-2016*, og satsinga Energiregion Møre. Auka lokal produksjon av elektrisk energi er også ei målsetjing for å sikre kraftforsyning i fylket. Det er samstundes eit mål i fylkesplanen at areal- og naturressursane skal forvaltast slik at miljø og artsmangfald vert teke vare på.

Vassforskrifta og Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion

Møre og Romsdal fylkeskommune er etter vassforskrifta myndigheit for Møre og Romsdal vassregion. Fylkeskommunen la *Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion 2015-2021* ut på høyring 1.7.2014. Planen fastset miljømål for vassførekomstane i fylket og skal leggast til grunn for regionale organ sine verksemder og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen, jf. vassforskrifta § 29, siste ledd. Miljømål og planlagde tiltak må takast med i vurdering av konsesjons-søknadene. Forvaltningsplanen for Møre og Romsdal er venta vedteken innan utgangen av 2015, og planforslaget med forslag til tiltaksprogram kan sjåast på <http://www.vannportalen.no/enkel.aspx?m=64134>.

Når det gjeld fysiske inngrep i vassdrag generelt er utgangspunktet i vassforskrifta at miljømålet for vassførekomstane skal nåast, jamfør §§ 4-6. På visse vilkår, t.d. stor samfunnsnytte, opnar § 12 for ny aktivitet eller nye inngrep sjølv om desse medfører nedsett miljøtilstand eller at miljømål ikkje vert nådde. Vurderingane etter § 12 skal sikre at aktivitetar og tiltak er så berekraftige og miljøtilpassa som mogleg.

Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskommunen vurderer under påverknad på kjende kulturminne, og korleis dette er beskrive og vurdert i konsesjonssøknadene. Vi vurderer vidare potensialet for hittil ukjende freda kulturminne innafor planlagde utbyggingsområde. Ut frå dette viser vi i nokre tilfelle til behov for arkeologiske registreringar. Registreringane kan føre til funn av freda kulturminne som kjem i konflikt med utbyggingsplanar, og dermed endrar konsekvensutgreiinga for tema kulturminne og kulturmiljø. Vi rår difor generelt til at arkeologiske registreringar vert utførte før det eventuelt blir gitt konsesjon.

Opplysningar om arkeologisk registrering, meldeplikt etter kulturminnelova og merknader om omsyn til kjende kulturminne under utbygging er også meint som informasjon til søkjarar, dvs. dei ulike utbyggingselskapa.

SAMLA VURDERING RAUMA KOMMUNE

Fylkeskommunen vurderer dei tre søknadene i «ytre strøk» av kommunen – Skorgeelva, Stokkelva og Smøråa – til å vere dei som gir minst ulemper for allmenne interesser, og der konsesjon difor kan tilrådest, på dei vilkår som går fram av vurderingar under. Desse tre søknadene gjeld vassdrag i lågareliggande strøk, der vassdragsnaturen i mindre grad er urørt. Dette er område som i kommuneplan er avsett til område for spreidd utbygging av bustader og anlegg. Søknadene ligg i grøn (Skorgeelva) eller gul (Stokkelva, Smøråa) sone i *Vassdragsplan for elvene i Rauma* (2006). Utbygging kjem her ikkje i direkte konflikt med regionale eller nasjonale friluftslivinteresser, og har såleis også mindre negative verknader i reiselivssamanheng.

Fylkeskommunen vil vidare rå frå konsesjon for dei fem søknadene i indre dalstrøk i Isfjorden. Desse søknadene omfattar også hovudsakleg inngrep under tregrensa, men i område som i langt større grad er skjerma frå tyngre tekniske inngrep i dag. Søknadene gir inngrep heilt inntil grensa for Sandgrovbotn-Mardalsbotn biotopvernområde og Eikesdalsvatnet landskapsvernområde, og fører til betydelege tap av inngrepsfri natur, jf. INON-status. Området er prioritert i *Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde* (2000), og her vurdert som nasjonalt friluftslivsområde. Utbygginga av Høgseterelva har minst konsekvensar i så måte, men dette vassdraget er godt synleg i landskapsbiletet i Grøvdalen, og utbygging er vurdert å gi middels til stor negativ påverknad på landskap.

Alle søknadene ligg i raud sone i den kommunale vassdragsplanen, med unntak av Morgådalselva, som til gjengjeld er heilt urørt av inngrep langs utbyggingsstrekninga. Dei fleste søknadene er i kommuneplanen avsett til LNF-område med restriksjonar på bygge- og anleggsverksemd.

Både Grøvdalen og Erstaddalen er startpunkt og innfallsportar for svært populære og attraktive turområde, der friluftslivbruken har nasjonal og internasjonal interesse. For marknadsføringa av Rauma og Romsdal som reiselivsmål, og Rauma som «verdens beste kommune for naturglade menneske» har det klart negative konsekvensar å tillate ny utbygging i desse områda. Såleis er «brukerinteressene» i søknadene undervurdert når verdien er sett i sjiktet liten-middels.

Fylkeskommunen meiner vidare at NVE må legge vekt på gjeldande kommunale planar i Rauma. Vi merkar oss at fire av søknadene ligg i den kommunale vassdragsplanen innanfor raud sone, der «kommunen er negativ til utbygging». Tre av søknadene ligg i gul sone, medan berre ein søknad (Skorgeelva) ligg i grøn sone, der kommunen «er positiv til å utnytte vassdragene til kraftproduksjon». Rauma kommune har lagt desse planane til grunn for sin høyringsuttale til småkraftpakka, men med ei tilråding om at kriteria for utbygging i gul sone vert lagt til grunn for vurdering av søknader om Loftdalselva, Høgseterelva og Rabbelva kraftverk.

Skorgeelva kraftverk

Generelt

Kraftverket er rekna å skulle produsere 18 GWh straum i eit gjennomsnittså. Kraftverket er dermed det som vil bidra med høgast straumproduksjon av dei omsøkte kraftverka i denne småkraftpakken. Utbygginga, med si lokalisering nedst i vassdraget, har etter vår vurdering akseptable konsekvensar for allmenne interesser. Vi kan rå til at det blir gitt konsesjon.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket, men viser til vår uttale til Sweco Norge AS, datert 18.9.2012. Her blei det ikkje reist krav om arkeologisk registrering såframt kabelen mellom elva og transformator berre rører vegskuldra. Tiltak nedanfor vegen vil elles kunne medføre eit slikt krav. Vi har såleis ingen merknad knytt til automatisk freda kulturminne.

Søknaden omhandlar kulturminne frå nyare tid på ein god måte. Vi er særleg opptekne av å bevare restane etter den tidlege kraftproduksjonen i området, og er positive til at ein vil forsøke å ta omsyn til den gamle kraftstasjonen. Fylkeskommunen vil her kunne bidra med rådgjeving i ei eventuell detaljplanlegging.

Friluftsliv

Utgreiingane har ein god gjennomgang av «brukarinteressene» i Skorgedalsområdet som friluftsområde med regional verdi og bruk. Vi har ikkje vesentlege merknader til informasjonen, med unntak av at Molde og Romsdal turistforening si ubetjente hytte Skorgedalsbu ikkje er nemnt. Inngrepa ved Skorgeelva kraftverk vil vere avgrensa til nedre deler av elva, i område som er langt mindre brukt i friluftslivssamanheng enn områda ovanfor inngrepa.

Reiseliv

Skogs- og fjellområda øvst i Skorgedalen og innover Ljøsådalen og Selseterdalen er dei mest attraktive og brukte i friluftslivssamanheng, og dermed også dei som er interessante å marknadsføre i reiselivssamanheng. Utbygging i elvedalen i nedre deler av området vil neppe påverke området som reiselivsobjekt vesentleg.

Stokkelva kraftverk

Generelt

Kraftverket skal gi ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 6,2 GWh. Dette er det minste produksjonsbidraget blant søknadene i Rauma kommune i denne omgang. Ut frå lite konflikt med allmenne interesser, kan vi rå til at det blir gitt konsesjon.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi viser til vår uttale til Blåfall AS, datert 21.11.2014. Vi har føreteke ei synfaring, og vil på bakgrunn av denne ikkje stille krav om arkeologisk registrering. Vi gjer likevel merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, som til dømes kol, slagg, eller steinstrukturar, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. kulturminnelova § 8, andre ledd.

Søknaden gjer godt greie for verknadane av utbygging for kulturminne frå nyare tid. Vi har elles ingen merknad.

Friluftsliv

Vi kjenner ikkje til friluftslivsbruk ut over lokal turbruk og jakt, som beskrive i konsekvensutgreiinga. Kraftstasjonen er føreslått plassert i strandsona ved sjøen, men i eit område som er smalt avgrensa av E136 og ikkje særskilt attraktivt i friluftslivssamanhang. Inngrepet i strandsona bør likevel omtalast i KU.

Smøråa kraftverk

Generelt

Smøråa kraftverk er rekna å gi ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 6,6 GWh. Dette er ein beskjeden produksjon sett opp mot inngrepa, særskilt landskapsinngrep både i anleggs- og driftsfase. Ut frå at ulempene for friluftsliv er moderate, kan konsesjon etter vår vurdering vere tilrådeleg. Vi rår likevel til at ein ser nærare på moglegheiter for å flytte inntaket til kraftverket lengre ned, for i større grad å skjerme det visuelt sterke landskapselementet som vass-strengane mellom ca. 300 og 450 moh. utgjer.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket. Vi viser til vår epost til Blåfall AS, datert 8.11.2014, der vi vurderer potensialet for funn til å vere lågt. Vi vil på grunnlag av dette ikkje stille krav om arkeologisk registrering.

Vi ønskjer likevel å gjennomføre ei kortare synfaring av inntaksområdet, der namnet Setra kan indikere tidleg stølsbruk. Ved ei eventuell konflikt med tufter, steingardar eller liknande kan det bli aktuelt å be om justeringar i traséen. Det er elles ikkje registrert kulturminne frå nyare tid i konflikt med tiltaket.

Friluftsliv og landskap

Gjerdslia har fleire skogsbilvegar som også strekker seg opp mot planlagt inntakspunkt i Smøråa. Friluftslivsbruken er lokal, t.d. i samband med jakt, men området blir også brukt som startpunkt for særskilt skiturar til Finnan-massivet (m.a. beskrive i boka *Toppturer i Romsdalen*), med ein regional/nasjonal bruk. Utbygging vil ikkje gi fysiske hindringar for utøving av friluftsliv, men gir inngrep noko høgare opp i lia enn dagens situasjon. Tiltaket medfører ein mindre reduksjon (0,5 km²) av INON-areal i sone 2. Ut frå INON-inngrep og inngrep i det visuelt sterke landskapselementet som vass-strengane mellom ca. 300 og 450 moh. utgjer, rår vi til at ein ser nærare på moglegheiter for å flytte inntaket til kraftverket lengre ned.

Reiseliv

Utbygging av Smøråa er med på å forsterke graden av inngrep i vassdragsnaturen i Innfjorden, der Berild kraftverk og Berdalselva kraftverk allereie er etablerte. Smøråa bidrar til landskapsbiletet opp mot fjellmassiva med m.a. Finnan, Kongen og Dronninga, og eit utbygging vil påverke dette både i anleggs- og driftsfase.

Tverrberget kraftverk

Generelt

Den reviderte søknaden for Tverrberget inneber utbygging for ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 13,7 Gwh. Vi meiner konsekvensvurderinga for fleire tema er undervurdert, og ser ikkje samla vurdering med «Liten negativ/ubetydeleg konsekvens» som riktig. Etter vår vurdering er konsekvensane for landskap og regionale/nasjonale friluftslivinteresser for store til at til at fordelane med eit middels stort småkraftverk kan overstige desse. Vi rår frå at det blir gitt konsesjon.

Vi viser elles til at formannskapet i Rauma i sak FS-16/2015 har gjort vedtak om følgjande uttale til Tverrberget kraftverk: «Kommunen anbefaler at det ikke blir noen form for utbygging i vassdraget».

Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket, men viser til epost til Tafjord kraftproduksjon AS i samband med utbygging Glutra og Saufonn kraftverk, datert 08.06.2012. Her blei det reist krav om arkeologisk registrering, og dette må bli satt som vilkår ved eit eventuelt løyve.

Vi gjer merksam på at funn vil kunne medføre krav om justering eller dispensasjon frå kulturminnelova, eventuelt med vilkår om arkeologisk utgraving, og vi rår difor til at søkar tek kontakt så tidleg som muleg før detaljplanlegginga tek til.

Registreringa vil også kunne avklare forholdet til nyare tids kulturminne. Det er registrert fleire tufter etter høyløer i nytt planlagt stasjonsområde. Vi kan ikkje sjå at desse er omtalt i konsesjonssøknaden.

Friluftsliv og landskap

I inngrepsområdet går ein mykje brukt tursti opp Gluterholet til Glutervatnet og Grøttavatnet med fjellbuene Gluterstauå og Grøttavassbu, med samband over til Saufonnhytta og Middagsfjellhytta. Dette rute- og hyttenettet har blitt svært populært

lokalt og regionalt, og får auka betyding i nasjonal marknadsføring av Isfjorden og Rauma som friluftslivområde, m.a. gjennom Norsk fjellfestival.

Landskapsinngrepet ved utbygginga gir ikkje endringar for område med INON-status, på grunn av eksisterande inngrep knytt til Grytten kraftverk. Ny anleggsveg og inntak for kraftverket gir derimot nye, synlege inngrep i den særmerkte vassdrags- og fjellnaturen i øvre del av Glutra mot Gluterfossen. Bora vassveg gir reduserte synlege inngrep, men mogleg konsept med overføring av ein sidebekk i kanal vil gi tydelege inngrep i inntaksområdet. Vi stiller også spørsmål ved verknader av arbeid med boring og inntak i anleggsfase og på mellomlang sikt i driftsfase. Vi meiner det blir misvisande å konkludere med at konsekvens for landskap er ubetydeleg/ingen i anleggs- og driftsfase.

Reiseliv

Rauma kommune marknadsfører seg som «Verdens beste kommune for naturglade menneske» og gjennom «merkevarer» som Trollstigen/Trollveggen, Romsdalseggen, Norsk fjellfestival, Romsdalsvinter mfl. Større, nye inngrep opp mot Gluterholet må sjåast som negativt for marknadsføringa av Isfjorden som reiselivsmål.

Morgådalselva kraftverk

Generelt

Kraftverket er tenkt å gi ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 9,2 GWh. Utbygginga har klare negative konsekvensar for friluftslivutøving og landskapsomsyn. Nedre del av Morgådalen er vist som gul sone i vassdragsplanen for Rauma kommune. Etter vår vurdering er konsekvensane av utbygging, særskilt for friluftsliv og landskap, for høge til at fordelane med eit mindre småkraftverk kan overstige desse. Vi rår frå at det blir gitt konsesjon.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket, men viser til vår uttale til Norsk Kraft AS i samband med utbygging av fire kraftverk i Grøvdal, datert 18.9.2012. Her blei det reist krav om arkeologisk registrering, og dette må bli satt som vilkår ved eit eventuelt løyve.

Vi gjer merksam på at funn vil kunne medføre krav om justering eller dispensasjon frå kulturminnelova, eventuelt med vilkår om arkeologisk utgraving, og vi rår difor til at søkar tek kontakt så tidleg som muleg før detaljplanlegginga tek til.

Friluftsliv og landskap

Morgådalen er blant dei meir utilgjengelege sidedalane i Grøvdalen, der det ikkje er tilrettelagt/merka turnett. Friluftslivsverdiane er likevel av regional og nasjonal karakter gjennom Morgådalsstindan som område for klatring og «tinderangling» på ski. Tindane er beskrive på nettsida Romsdal.com og m.a. brukt som turmål for Molde og Romsdals turistforening og for Norsk fjellfestival. Vi er difor usamde i konklusjonen for brukarinteresser: «liten til middels verdi for friluftsliv».

Utbygginga vil gi inngrep heilt inntil grensa for Sandgrovbotn-Mardalsbotn biotopvern-område. Etter INON-definisjonen vil utbygginga gi bortfall av vel 2,5 km² inngrepsfritt areal i inngrepsfri sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep), samt eit marginalt bortfall av areal i sone 1. Det inngrepsfrie området som blir påverka er prioritert i *Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde*. Samstundes er landskapsopplevinga særleg stor i Morgådalen fordi dalføret i dag ikkje har tekniske inngrep i det heile. Når det då er planlagt permanente anleggsveg heilt inn til inntaket, og verneområde-

grensa, blir verknadene av inngrepet særleg markant. Ut frå dette er det ikkje riktig å konkludere med liten konsekvens for tema landskap slik vi ser det.

Reiseliv

Rauma kommune marknadsfører seg som «Verdens beste kommune for naturglade menneske» og gjennom «merkevarer» som Trollstigen/Trollveggen, Romsdalseggen, Norsk fjellfestival, Romsdalsvinter mfl. Større, nye inngrep i Grøvdalen med sidedalar som innfallsport til viktige turmål og turområde må sjåast som negativt for marknadsføringa av Isfjorden som reiselivsmål.

Loftdalselva kraftverk

Generelt

Kraftverket er planlagt å gi 14 GWh gjennomsnittleg årsproduksjon av straum. Utbygginga har klare negative konsekvensar for kulturmiljø, friluftsliv og landskap, og etter vår vurdering er konsekvensane for høge til at fordelane med eit middels stort småkraftverk kan overstige desse. Vi rår frå at det blir gitt konsesjon.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket, men viser til vår uttale til Norsk Kraft AS i samband med utbygging av fire kraftverk i Grøvdal, datert 18.9.2012. Her blei det reist krav om arkeologisk registrering, og dette må bli satt som vilkår ved eit eventuelt løyve.

Vi gjer merksam på at funn vil kunne medføre krav om justering eller dispensasjon frå kulturminnelova, eventuelt med vilkår om arkeologisk utgraving, og vi rår difor til at søkar tek kontakt så tidleg som muleg før detaljplanlegginga tek til.

Med omsyn til kulturminne frå nyare tid er vi kritisk til vurderinga av konsekvensane for kulturmiljøet på Stølen. Sjølv om det ikkje vil bli direkte inngrep på seterbygningane, vil riggområdet og vegen over stølen vere klare inngrep i kulturmiljøet, og innebere ein negativ visuell påverknad. Potensialet for automatisk freda kulturminne er også høgt. Vi vil sjå nærmare på dette ved ei eventuell registrering.

Friluftsliv og landskap

Turstien inn Soredalen og Loftdalen er også ein viktig og mykje nytta del av stinettet med utgangspunkt i Grøvdalen. Friluftslivbruken er, som for dei fleste sidedalane i Grøvdalen av både regional og nasjonal interesse. Loftdalen er beskrive som startpunkt for fotturen «Vilt og vakkert i Eikesdalsfjella», som er marknadsført av Molde og Romsdals turistforening på den nasjonale friluftslivsportalen Ut.no.

Som vist i konsekvensutgreiinga påverkar utbygging av Loftdalselva eit stort INON-område. Inngrepet medfører netto bortfall av så mykje som 8,23 km² inngrepsfri natur i inngrepsfri sone 1, og påverkar også marginalt eit areal innanfor «Villmarksprega område» (> 5 km frå tyngre tekniske inngrep). Det inngrepsfrie området som vert råka ligg delvis innanfor dei to nærliggande verneområde, og er prioritert i *Fylkesdelplan for inngrepsfri natur*. Vi vurderer difor den generelle verdisettinga for tema INON, jf. retningslinjer for småkraftverk (Olje- og energidepartementet, 2007) som mindre treffsikker her. Middels negativ konsekvens for landskap framstår som ei undervurdering, ikkje minst med tanke på det konkrete inngrepet med ca. 1,5 km ny permanent veg opp i Loftdalen.

Dei samla konsekvensane for friluftsliv og landskapsomsyn er etter vår vurdering for høge til at fordelane med eit middels stort småkraftverk kan overstige desse.

Reiseliv

Rauma kommune marknadsfører seg som «Verdens beste kommune for naturglade menneske» og gjennom «merkevarer» som Trollstigen/Trollveggen, Romsdalseggen, Norsk fjellfestival, Romsdalsvinter mfl. Større, nye inngrep i Grøvdalen med sidedalar som innfallsport til viktige turmål og turområde, må sjåast som negativt for marknadsføringa av Isfjorden som reiselivsmål.

Rabbelva kraftverk

Generelt

Rabbelva kraftverk skal gi gjennomsnittleg årsproduksjon på 9,9/10 GWh pr. år. Etter vår vurdering er konsekvensane av utbygging, særskilt for friluftsliv og landskap, for høge til at fordelane med eit mindre småkraftverk kan overstige desse. Vi rår frå at det blir gitt konsesjon. Ut frå våre interesser vurderer vi skilnadene mellom alternativ A og B som små, og utan betydning for vår tilråding.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket, men viser til vår uttale til Norsk Kraft AS i samband med utbygging av fire kraftverk i Grøvdal, datert 18.9.2012. Her blei det reist krav om arkeologisk registrering, og dette må bli sett som vilkår ved eit eventuelt løyve.

Vi gjer merksam på at funn vil kunne medføre krav om justering eller dispensasjon frå kulturminnelova, eventuelt med vilkår om arkeologisk utgraving, og vi rår difor til at søkar tek kontakt så tidleg som muleg før detaljplanlegginga tek til.

Vi har ikkje merknadar til kulturminne frå nyare tid.

Friluftsliv og landskap

Langs utbyggingsstrekninga i Rabbelva går ein mykje brukt tursti som er startpunkt for Molde og Romsdals turistforening sitt rutenett i området, og såleis ein viktig innfallsport til Eikesdalsvatnet landskapsvernområde. Friluftslivsbruken har klar regional og nasjonal verdi, ikkje minst gjennom Norsk fjellfestival. Turruta frå Rabben er del av rundturen «Vilt og vakkert i Eikesdalsfjella, som er marknadsført på Ut.no, som nemnt over. Vi stiller oss derfor uforståande til at turruta frå Rabben «er ikke blitt omtalt som viktig friluftslivsområde av Rauma kommune» Vi ser det som ei kraftig undervurdering at «influens-området» for Rabbelva har liten til middels verdi for brukarinteresser/friluftsliv. Verdi- og konsekvensvurderinga bør klart oppjusterast.

Utbygging av Rabbelva vil medføre eit vesentleg landskapsinngrep i det viktige friluftslivsområdet, og INON-rekneskapen viser eit vesentleg netto bortfall av inngrepsfritt areal, som er særleg negativt fordi bortfallet er på 1,74 km² i INON-sone 1 (3-5 km frå tyngre tekniske inngrep). INON-bortfallet skjer i landskapsvernområde, og i eit område som er prioritert i *Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde*.

Dei samla konsekvensane for friluftsliv og landskapsomsyn er etter vår vurdering for høge til at fordelane med eit middels stort småkraftverk kan overstige desse.

Reiseliv

Rauma kommune marknadsfører seg som «Verdens beste kommune for naturglade menneske» og gjennom «merkevarer» som Trollstigen/Trollveggen, Romsdalseggen,

Norsk fjellfestival, Romsdalsvinter mfl. Større, nye inngrep i Grøvdalen med sidedalar som innfallsport til viktige turmål og turområde må sjåast som negativt for marknadsføringa av Isfjorden som reiselivsmål.

Høgseterelva kraftverk

Generelt

Utbygging av Høgseterelva er rekna å gi ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 7,1 GWh. Utbygginga har ikkje større direkte konsekvensar for friluftsliv, men gir et vesentleg og synleg inngrep i Grøvdalen, som påverkar friluftslivs- og landskapsoppleving negativt. Til liks med Rabbelva og Loftdalselva er Høgseterelva plassert i raud sone i vassdragsplanen for Rauma kommune, og ut frå ei samla vurdering rår vi frå at det blir gitt konsesjon. Vi vurderer samstundes at Høgseterelva samla sett har minst negative konsekvensar av dei fem søknadene i indre dalstrøk i Isfjorden.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket, men viser til vår uttale til Norsk Kraft AS i samband med utbygging av fire kraftverk i Grøvdal, datert 18.9.2012. Her blei det reist krav om arkeologisk registrering, og dette må bli satt som vilkår ved eit eventuelt løyve.

Vi gjer merksam på at funn vil kunne medføre krav om justering eller dispensasjon frå kulturminnelova, eventuelt med vilkår om arkeologisk utgraving, og vi rår difor til at søkar tek kontakt så tidleg som muleg før detaljplanlegginga tek til.

Vi har ingen vesentlege merknadar til kulturminne frå nyare tid, men vil i tillegg til dei konsekvensane som er omtalt i søknaden peike på den visuelle påverknaden på fleire av kulturmiljøa i Grøvdalen.

Friluftsliv og landskap

Nærområdet til Høgseterelva er etter det vi kjenner til mindre brukt i friluftsliv-samanheng enn dei andre sidedalane i Grøvdalen. Utbygging, med redusert vassføring og permanent ATV-trasé, vil først og fremst gi vesentleg visuell verknad for landskapsopplevinga i Grøvdalen som innfallsport til mykje brukte friluftslivområde. Konklusjonen om ingen til liten negativ påverknad på friluftsliv kan difor diskuterast.

Reiseliv

Rauma kommune marknadsfører seg som «Verdens beste kommune for naturglade menneske» og gjennom «merkevarer» som Trollstigen/Trollveggen, Romsdalseggen, Norsk fjellfestival, Romsdalsvinter mfl. Større, nye inngrep i Grøvdalen som innfallsport til viktige turmål og turområde må sjåast som negativt for marknadsføringa av Isfjorden som reiselivsmål.

SAMLA VURDERING NESSET KOMMUNE

Fylkeskommunen kan tilrå at det blir gitt konsesjon til dei tre omsøkte kraftverka i Nesset kommune. Vi ser ut frå våre ansvarsområde ikkje større konflikter knytt til desse søknadene, men viser til ein skilde merknader og anbefalte vilkår til konsesjon.

Kvidalselva kraftverk

Generelt

Kraftverket skal installerast med 2,3 MW maksimal effekt, og er rekna å skulle produsere 6,42 GWh i eit gjennomsnittså. Bidraget i kraftforsyninga er derfor etter måten lite. Samstundes opplever vi konfliktane som relativt små, og kan tilrå konsesjon ut frå dette. Sjå likevel merknader til friluftsliv.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket. Vi vurderer potensialet for funn til å vere lågt, og vil ikkje stille krav om arkeologisk registrering. Vi har såleis ingen merknad til søknaden.

Friluftsliv

Konsekvensutgreiinga hevdar (kap 3.11) at "*tiltaksområdet er i liten grad brukt til friluftsliv for andre enn...*". Dette bygger i beste fall på ei svært avgrensa tolking av "tiltaksområdet". Fjella i Eresfjord er generelt svært attraktive og mykje nytta i friluftslivsamanheng både sommar og vinter. For Kvidalen særskild, gjeld at han er innfallsport for toppturar på ski både til Goksøyra og Skjorta, og på same måte sjølvsgatt også inngår i nedfarten frå desse toppane. Parkeringsplassen ved vassverket er utgangspunkt for dette. Aktiviteten skjer gjennom det meste av vinteren, men særleg på ettervinteren kan omfanget vere betydeleg, med fleire titals bilar dei beste dagane. Området trekkjer folk frå regionen, men også frå resten av landet og utlandet. KU må rettast opp på dette punktet, og må i tillegg kvitterast ut i konklusjonen (2.4).

Inngrep som allereie er gjort i Dokkelva, samt det faktum at Kvidalselva frå naturen si side er prega av småskred, flaum og stadige masseflyttingar gjer likevel at det planlagte tiltaket neppe vil forringe estetikken i friluftskvalitetane vesentleg.

Villrein og verneområde

Slik KU stadfestar, vil det omsøkte inntaket ligge utanfor det arealet som er verna som landskapsvernområde. Det ligg også utanfor dei areala som villreinen har som leveområde, og er såleis ikkje i konflikt med regional delplan for Dovrefjell (verken gjeldande plan eller forslag til ny plan).

Reiseliv

Kvidalselva er i seg sjølv ikkje sentral som reiselivsobjekt, men jamfør merknader til friluftsliv, vert området regelmessig vitja av og marknadsført for innanlandske og utanlandske skituristar. Det omsøkte tiltaket vil ikkje i vesentleg grad påverke kvalitetane.

Strandelva kraftverk

Generelt

Gjennomsnittleg årsproduksjon er estimert til 13,3 GWh. Av dei omsøkte prosjekta i Nesset er dermed Strandaelva den som gir mest energi til nettet. Ut frå fylkeskommunen sine ansvarsområde kan vi tilrå konsesjon, men ber om at det særskilt vert presisert at mellomsbels anleggsveg skal leggst igjen etter avslutta arbeid.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket. Vi vurderer potensialet for funn til å vere lågt, og vil ikkje stille krav om arkeologisk registrering. Vi har såleis ingen merknad til søknaden.

Friluftsliv og reiseliv

Øvre del av nedslagsfeltet ligg innanfor eit område med ei viss regional friluftslivsinteresse, men det omsøkte tiltaket vil i liten grad påverke dette. Elvestrengen framstår heller ikkje som den mest spektakulære frå nokon ståstad.

Skorga kraftverk

Generelt

Det kan år om anna takast ut 10 GWh frå Skorga. Prosjektet er såleis større enn Kvidalselva, men mindre enn Strandelva. Samla synest konfliktene vere akseptable, og vi kan tilrå konsesjon. Jamfør neste avsnitt, kan det likevel bli aktuelt med nokre endringar i detaljane, og KU er ufullstendig med omsyn på kulturminne. Dette må rettast opp innan vedtak blir gjort. På same måte som for Strandelva må krav om tilbakeføring av mellombels veg og gjenlegging av rørtrasé kome tydeleg fram av konsesjonen.

Kulturminne og kulturmiljø

På Skorgesetra er det registrert busetnad og dyrkingsspor frå vikingtid og mellomalder (ID 109904), og setra hadde også fast busetnad på 1600-talet. Dette inneber at delar av setra er automatisk freda, men avgrensinga av lokaliteten er uklar. Vi vurderer potensialet langs sjølve rørgata til å vere lågt, jamfør synfaring 28.04.2009, men vil stille krav om arkeologisk registrering av den forlengta vegtraséen over stølen og fram til inntaket.

Vi gjer merksam på at funn vil kunne medføre krav om justering eller dispensasjon frå kulturminnelova, eventuelt med vilkår om arkeologisk utgraving, og vi rår difor til at søkar tek kontakt så tidleg som muleg før detaljplanlegginga tek til. Store delar av inngrepet er alt gjort.

Vi saknar i KU ei vurdering av dei direkte og indirekte konsekvensane for setermiljøet, samt for kulturmiljøet nede ved planlagt kraftstasjon. Det er drive sagbruk på Skorgen sidan Hollendertida på 1600-talet, og her finst det også spor etter anna bruk av vasskraft frå nyare tid. Konsekvensar av inngrepet for desse verdiane må synleggjerast.

Friluftsliv

Vi er for så vidt samd i den konklusjonen som KU stiller opp for friluftslivet (kap. 3.14), men det må likevel seiast noko om korleis tiltaket påverkar kvalitetane.

Reiseliv

Skorga tilbyr ikkje noko spektakulært fossefall og ligg i praksis noko "bortgøymd" i forhold til dei store reiselivsstraumane. Vi har ikkje vesentlege merknader til at det blir gitt konsesjon.

KONKLUSJON

Møre og Romsdal fylkeskommune kan tilrå at det blir gitt konsesjon for Kvidalselva, Strandelva og Skorga kraftverk i Nesset kommune, samt for Skorgeelva, Stokkelva og Smøråa kraftverk i Rauma kommune. Vilkår som bør settast for eventuelle konsesjonar går fram av vurderingar over.

Fylkeskommunen vil vidare rå frå at det blir gitt konsesjon for Tverrberget, Morgådalselva, Høgseterelva, Rabbelva og Loftdalselva kraftverk i Rauma kommune. Frårådinga er grunnleggjande i regionale og (inter)nasjonale friluftslivsinteresser i Grøvdalen og Erstadalen i Isfjorden, og at søknadene inneber inngrep inntil grensa for etablerte verneområde og

dermed betydeleg bortfall av inngrepsfri natur, jf. INON-definisjonen og *Fylkesdelplan for inngrepsfri natur*.

Vi tilrår elles utbetring av konsekvensutgreiingar for nokre av søknadene, og ber utbyggjarar merke seg råd om omsyn i planleggings- og utbyggingsfasen.

Saka vert snarleg lagt fram som orienteringssak for fylkesutvalet i Møre og Romsdal, og vi tek atterhald om at Fylkesutvalet gjer vedtak om endringar i fråsegna frå fylkeskommunen.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Røystrand
rådgivar

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Fagsaksbehandlar

Fornybar energi: rådgivar Ketil Valde, tlf. 71 25 81 65

Vassforvaltning: rådgivar Håkon Slutaas, tlf. 71 25 80 24

Kulturminne og kulturmiljø: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf: 71 25 89 03
rådgivar Siv Aksdal, tlf. 71 25 88 47

Reiseliv: rådgivar Lillian Sæther Sørheim, tlf. 71 25 81 96

Kopi:

Rauma kommune

Neset kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal